

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Rita Berstad Maraak

Arkivsak: 25/1740

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
STRANDA HAMNEVESEN KF	07.09.2026	045/26

Hellesylt ferjekai - status august 2026

Hamnesjef si tilråding:

1. Styret tek saka til orientering.
2. Styret tek til etterretning at det i samband med ombygginga av Hellesylt ferjekai er gjennomført ei tilstandsvurdering som peikar på behov for vidare oppfølging av forhold knytt til utvasking og undergraving ved ferjebrua.
3. Ombygginga av Hellesylt ferjekai vert gjennomført i samsvar med utlyst konkurranse, som omfattar riving av sekundærpir, ombygging og utviding av ferjekaibru samt opsjon på fenderpanel.
4. Samla kostnadsramme, inkludert opsjonen på fenderpanel, ligg innanfor allereie vedtatt budsjett.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda hamnevesen KF fekk i august 2025 utført ei tilstandsvurdering av Hellesylt ferjekai i samband med kjøp av anlegget.

Saksopplysningar

Tilstandsvurderinga peikar på at ferjekaia er ein aldrande konstruksjon, og at delar av anlegget er mangelfullt dokumenterte frå oppføringstida. Det vert i rapporten vist til at det må påreknast kostnader til større vedlikehald etter kvart som anlegget vert eldre. Hellesylt ferjekai vart bygd i 1979.

Vidare vart det registrert utvasking og undergraving i området ved ferjebrua som følge av propellstraumar frå ferjene. Stein og massar har over tid losna og vorte flytta. Dette kan på sikt påvirke understøtting og fundamentering av kaia og dermed svekkje konstruksjonen. Rapporten tilrår nærare undersøkingar med dykkar eller ROV for å dokumentere dagens tilstand, vurdere utvikling sidan førre kontroll og avklare behovet for eventuelle tiltak. For å tilpasse ferjekaia til større ferjer vart det i april 2026 lyst ut konkurranse etter forsyningsforskrifta del I. Anskaffinga omfattar ombygging av Hellesylt ferjekai med følgjande hovudarbeid:

- riving av sekundærpir

- ombygging og utviding av ferjekaibru
- fenderpel som opsjon

Status gjennomførte arbeid

I løpet av vår og forsommar 2026 har arbeid med modifisering av Hellesylt ferjekai vore gjennomført for å tilpasse breidda på ferjebåsen til breiare ferjer. I perioden mai til juni har entreprenør utført fjerning av den sørlige kaipiren, inkludert søyler og fundamentering. Arbeidet har mellom anna omfatta demontering av utstyr, betongsaging, utløft og dykkarassistanse.

Alt arbeid er utført samstundes med ordinær ferjedrift med fire ferjer i sambandet og i ein periode med høg trafikk. Under arbeidet vart det avdekt fleire forhold knytte til eldre og mangelfullt dokumenterte konstruksjonar, samt eit delvis ufullstendig teikningsgrunnlag for underliggende konstruksjonar på sjøbotnen.

Økonomi

Gjennomførte arbeid er rekneskapsført slik:

Arbeid	Sum	Beskrivelse
Arbeid iht tilbud	650000	A-konto faktura
Arbeid iht tilbud	584901	A-konto faktura
Uttrekk lysmast	-36146	Kreditnota
Fjerning fundament	276214	Endringsordre
Rekkverk ferjebrau	41616	Ekstraarbeid
Totalsum arbeid utført	1516585	

*udokumentert betongfundament sjøbunn

Vurdering

Opsjon på fenderpanel

I kontrakten ligg det inne ein opsjon på etablering av ein frittståande fenderpel på sørsida av ferjekaia.

Bakgrunnen for tiltaket er behovet for å halde ferjene stabilt på plass ved ferjebraua. Kaia der ferjene legg til er relativt kort, noko som medfører risiko for at ferjene kan drive ut frå kaia under påverknad av straum, vind eller andre forhold.

Det står også att delar av tidlegare fundamentering på sjøbotnen som er for store til å løftast opp på land. Ved ugunstige tilhøve som gjeld tidevatn, kan enkelte ferjer kome i kontakt med desse konstruksjonane dersom fartøyet driv sørover. Ein fenderpel vil kunne avgrense slik avdrift og bidra til tryggare operasjonar ved kaia. Ferjeselskapet har gitt klare signal om at det er behov for etablering av denne pelen.

Administrasjonen ser det som nødvendig at opsjonen vert utløyst og at arbeidet vert gjennomført i perioden frå november til februar når trafikken er lav.

Tilbudssum opsjon:

Opsjoner Fenderpel	Beskrivelse/type	Pris
07 Opsjon fenderpel	Sum	kr 1 404 315,00
Sum opsjon		kr 1 404 315,00

